

Framleis verd å vente



STÅR I MOT: Ungdomar treng både bibelske og allmenne argument for å kunne stå i mot det veldige sexpresset i samfunnet, meiner studentlagsprest Øivind Benestad. FOTO: DAGEN-ARKIV

Kampanjen «Verd å vente på» fekk svære medieoppslag i 1996. Sidan har det stilna, men initiativtakar Øivind Benestad meiner det framleis er verd å vente.

Av KARI FURE

BERGEN: 1996 var året då 2500 ungdomar skreiv under på at dei ville vente med seksuelt samliv til dei var gifte. Ei oppsiktsvekkjande underskrift når signala frå Statens helsetilsyn var «har du lyst, har du lov».

Kampanjen «Verd å vente på» fekk norske journalistar til å sperre opp augene. Øivind Benestad dukka opp i fjernsynsdebattar, radioprogram, aviser og vekeblad, ofte saman med unge kjærastepar som kunne fortelje at «visst har vi tenkt å vente».

– Vi var kjempenøgde med responsen, fortel Øivind Benestad, studentlagsprest i Kristiansand og initiativtakar til kampanjen.

– Ikkje berre fordi vi fekk mange medieoppslag, men også fordi oppslaga var saklege og ikkje latterleggjerande, slik vi hadde frykta på førehand.

Ekte kjærleik ventar

Benestad var inspirert av den amerikanske kampanjen «True love waits» – ekte kjærleik ventar. Han var uroa over situasjonen i samfunnet og i dei kristne ungdomsmiljøa. På den eine sida vart ungdomar bombardert av bodskapen «alle gjer det» og «alt er lov, så lenge du ikkje skader andre.» På den andre sida opplevde han at den kristne forkynninga om seksuelt avhald ofte var mangelfull.

– Mykje gjekk på slagordplan, som at du ikkje skal bryte ekteskapet og ikkje drive hor. Men ein gjekk lite inn på argumentasjonen for at det måtte vere slik, seier han.

12 kristne organisasjonar og kyrkjesamfunn gjekk saman om å planlegge ein kampanje. I juni 1996 heldt dei pressekonferanse der dei lanserte slagordet «Verd å vente på», kortet «Min beslutning», som ungdomar skulle underskrive og sende inn, og åtte temabrosjyrer om ungdom og seksualitet.

I brosjyrane handla det om å ikkje brenne seg på altfor tidleg seksuell erfaring, eller få sterke band til ein kjærast ein seinare gjer det slutt med. Om å lære å vise kjærleik på andre måtar enn sex, og dermed utvikle kjærasteforholdet. Det handla om å vise vilje til offer og sakn, eigen-skapar som er naudsynte i eit godt ekteskap. Og ikkje minst om å eliminere risikoen for å få barn med nokon ein ikkje veit om ein vil gifte seg med. For å nemne noko.

Medan aksjonen fekk tildels positive oppslag i mediene, var nokre kristne organisasjonar skeptiske til kortet ungdomane skulle skrive under. Kritikarane var redde dei unge kunne få personlege problem seinare,

dersom dei ikkje greidde å leve opp til løftet.

– Kortet var ingen bindande kontrakt som dei unge måtte svare for seinare. Det var meint som ei pedagogisk hjelp til å ta eit standpunkt. Dessutan skulle folk berre signere med førenamn, seier Benestad.

Lever sitt eige liv

Øivind Benestad er ikkje samd når vi hevdar at det har vore stille rundt aksjonen etter 1996. Stille i mediene, kanskje, men aksjonen har levd sitt eige liv.

– Aksjonen var meint som eit krafttak som skulle få konsekvensar fleire år framover. Det har gått som vi ønskte. Vi har ikkje danna nokon eigen organisasjon, men derimot distribuert over 100.000 brosjyrer til kristne organisasjonar og kyrkjer, kateketar og ungdomsarbeidarar. Brosjyrane har ikkje copyright og kan fritt kopierast vidare.

– Vi veit at dette skjer, og at dei til dømes blir brukte i konfirmantarbeid, fortel Benestad.

To år etter «Verd å vente på» gjekk Benestad saman med to folkehøgskulelærarar og laga undervisningsopplegget «Ungdom, samliv og verdar» der dei tona ned den kristne vinklinga og fokuserte på allmenne argument for å vente med sex til ein var gift. Opplegget vart sent til 2000 skular.

– Vi ville vise at Hollywood-måten å leve på ikkje er den beste. At andre måtar er betre på sikt, forklarar Benestad.

Om eit års tid vil stoffet frå alt materiellet truleg bli samla i eit hefte, og kanskje også lagt ut på internett.

Rett og gale

– Ungdomane treng både dei bibelske og dei allmenne argumenta for å kunne stå i mot det veldige sexpresset i samfunnet, meiner Benestad.

Han meiner kampanjen ikkje er blitt mindre aktuell.

– Tida vi lever i er prega av total verdirelativisme. Alt er til late, så lenge du ikkje skader nokon andre. Det er ingen aksept for å seie at noko er rett og noko anna gale. Jamvel teologiporfessorar hevdar at ein ikkje syndar, så lenge ein ikkje skadar nokon. Men kva då med synd mot Gud? spør Benestad.

– Samfunnet er også prega av hedonisme, ein nytings- og opplevingskultur, der det handlar om å få eit kick anten ein hoppar frå Kjerag, reiser langt avgarde eller har sex. Å forsake eller utsetje noko, fordi det er Guds vilje eller fordi det fører noko godt med seg, er ein fjern tankegang, også for mange kristne.

Øivind Benestad er overtydd om at haldningane som er rådande i samfunnet, lett vil prege dei kristne ungdomane. Dei får lite frimod til å stå fram og seie kva som er rett.

Difor vil Benestad halde fram og føre dei unge med argument.

Øivind Benestad har enno brosjyrar på lager som han kan sende dei som kontaktar han på benestad@bigfoot.com DAGEN

Pastoren fra Stavanger som fikk sving på helsen...

Kristoffer Fjelde, 77 år gammel og sprek som et lyn fra klar himmel. Men det har ikke alltid vært slik.

Vanskelighetene begynte i 1987 da han fikk sitt første hjerteinfarkt og ble langtidssykemeldt. Så fulgte bypass operasjon hvor man tok årer fra bena og det ble noen vanskelige år frem til herteoperasjonen 5. September 2000. Operasjonen var vellykket, men utpå vårvinteren 2001 ble bena merkbart forverret med store smerter på grunn av dårlig blodsirkulasjon. Og han opplevde situasjonen som håpløs - han kunne nesten ikke gå lenger. – «Jeg kan fortelle at jeg har vært svært aktiv i mitt kristne virke og etter at jeg var ferdig på Menighetsfakultetet reiste jeg til USA og var b.a. pastor i en menighet i Chicago. Etter noen år vendte jeg hjem til Norge og begynte som Bysekretær for Norsk Luthersk Misjonssamband.» Kristoffer så en annonse; Medipharma EDTA GEL renser blodba-



nene, stod det. Han bestilte to flasker og satte igang behandlingen med å smøre seg selv på bena. Etter tre-fire uker var han utrolig mye bedre. Smertene var borte og smidigheten begynte å komme tilbake og best av alt, han kunne gå lange turer. Helt til sin søster gikk han, 2 km unna, og uten å hvile! Medipharma EDTA GEL har hjulpet, ikke bare på bena, men hele systemet og hodet klarer enn på lenge. – «I sommer har jeg deltatt på misjonsstevner og forkynnet i timesvis uten at jeg har følt noen plager - tvert i mot, det har vært en sann glede å få dele Guds ord med andre igjen, noe jeg ikke hadde trodd var mulig bare for et halvt år tilbake. Jeg anbefaler Medipharma EDTA GEL til alle for å rense blodbanene, gamle som unge. Bedre å forebygge enn å reparere».

Hilsen Kristoffer Fjelde, 77 år Pastor fra Stavanger.

EDTA Gel

som smøres på huden hjelper mot:

- Dårlig blodsirkulasjon
- Kramper i benene
- Smerter i benene
- Stiv nakke
- Stive ledd
- Stiv rygg



MEDIPHARMA

Tlf.: 69 27 35 45. Fax: 69 27 43 41.

E-mail: medipharma@c2i.net

SELGES I HELSEKOSTEN